



Statens vegvesen

VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Postboks 7900

5020 BERGEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Lars Ottar Sagstad / 55516434

Vår referanse:
20/174881-8

Dykkar referanse:

Vår dato:
16.11.2020

Høyring av framlegg til omklassifisering E39 Hjelmås – Driftskontrakt veg Nordhordland 2021–2026

Bakgrunn

Vegstrekningen er klassifisert som Ev39 hp 73 m32000–32102. Ev39, Hjelmås
Vegstrekningen er avkøyrsel fra Ev39 og vidare del av Fv.5452.

Statens vegvesen har starta prosessen med å omklassifisere vegstrekninga til fylkesveg.



Oversiktskart

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Saksopplysningar

Vegstrekningen er klassifisert som Ev39 hp 73 m32000–32102.

Vegstrekningen er vidare del av Fv. 5452.



Den aktuelle vegen for omklassifisering fungerer som tilkomstveg mellom E39 og Fv.5452.

Gjeldande reglar for funksjonsfordeling av vegnettet

I St.prp. 72 (2008–2009) er det tatt med følgande om kva for veier som skal være riksveier etter at reforma er gjennomført:

Stamvegnettet i dag (2010) skal framleis være riksveg. Det er vidare lagt til grunn at veger og ferjesamband på anna riksvegnett framleis skal være riksveg og riksvegsamband, dersom de har funksjon som:

1. Kopling til nasjonale knutepunkt.
2. Kopling til større byområde, viktige interregionale veger og viktige riksvegar mot nabolanda.
3. For å sikre et samanhengande nasjonalt transportnett vil det framtidige riksvegnettet omfatte dagens stamvegnett, nokon få strekningar av dagens riksvegnett og nokon kortare strekningar av dagens fylkesvegar og kommunale veger.

Vurdering

Vegstrekningen har til dagleg ein funksjon som vil tilseie at den bør vere klassifisert som fylkesveg. Avkørsel til fylkesveg er ikkje ein funksjon som tilseier at vegen skal ha riksvegstatus, j.fr punktet over om funksjonsfordeling av vegnettet.

Framlegg til vedtak:

Statens vegvesen vil med bakgrunn i overnemde rå til at følgande vegstrekning vert omklassifisert til fylkesveg:

– Ev39 hp 73 m32000–32102

Saksgang og vedtaksmynde

Saksgang ved omklassifisering følgjer av veglova §7:

§ 7. Etter at fylkeskommunen – i Oslo kommunen – har uttala seg, kan departementet gjere vedtak om at riksveg skal leggjast ned eller gjerast om til fylkesveg eller til kommunal veg. Etter at kommunen har uttala seg, kan fylkeskommunen gjere vedtak om at fylkesveg skal leggjast ned eller gjerast om til kommunal veg.

Kommunen kan gjere vedtak om at kommunal veg skal leggjast ned.

Vedtak etter første og andre ledd kan likevel ikkje settast i verk utan at vegen oppfyller tekniske krav etter nærare retningsliner gitt av departementet.

Det er Vegdirektoratet som fattar endeleg vedtak om omklassifisering av riksveg. Alver kommune og Vestland fylkeskommune skal gi uttale i saken før endeleg vedtak blir gjort. Vedtaket vil være gjeldande fra vedtaksdato, under forutsetning av at de tekniske krava i NA-rundskriv 97/13 er oppfylt for strekninga. Før vi sender saken om omklassifisering av offentlig veg på høyring til Alver kommune og Vestland fylkeskommune, vert saken sendt på intern høyring.

Høyringsfrist

Frist for å komme med tilbakemelding er sett til 28.12.2020

Transportforvaltning Vest 3

Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Lars Ottar Sagstad
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Likelydande brev sendt til

ALVER KOMMUNE, Postboks 4, 5906 FREKHAUG

VESTLAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN